

## **Emnerapport for FRAN 303 og FRAN 304**

### **Språkleg seminaremne**

Hausten 2012

**Studienivå:** Master

**Undervisningsspråk:** Fransk

### **Mål og innhold**

Målet med emnet er ei fordjuping i ei språkleg problemstilling. Den språklege problemstillinga kan vera henta t.d. frå fransk fonologi, syntaks, semantikk, leksikologi, tekstlingvistikk eller sosiolingvistikk.

### **Læringsutbyte/resultat**

#### Kunnskapar

Etter fullført språkleg emne skal studenten ha god innsikt i teoretisk basis og metodiske innfallsvinklar for det feltet som er blitt gjennomgått, og kjennskap til nyare forsking innan dette feltet.

#### Dugleik

Etter fullført emne skal studenten vera i stand til å gje undervisning og drive forsking og anna fagleg utviklingsarbeid som gjeld temaet emnet omhandlar.

#### Generell kompetanse

Ved fullført emne skal studenten ha overblikk over det temaet som er gjennomgått, slik at han/ho kan representera fagfeltet i tverrfaglege og internasjonale samanhengar.

Studenten skal kunna planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid.

Han/ho skal sjølvstendig kunna halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering.

## **Pensum**

Béatrice Lamiroy (coord.): *Les expresions verbales de la francophonie* (Editions Ophrys)

Gaston Gross: *Les expressions figées en français* Editions Ophrys)

**Studenttal:** Det var 6 studentar på emnet. Fire tok eksamen i FRAN304 (munnleg) og to i FRAN303 (skriftleg).

**Undervisning:** Det var ein dobbeltime per veke stort sett gjennom heile semesteret. Heile Lamiroys bok vart gjennomgått og delar av Gaston Gross. Eksepsjonelt godt frammøte på forelesingane og svært aktive studentar. Som obligatorisk aktivitet på emnet hadde kvar student eit innlegg på om lag 20 minutt, som etterpå vart kommentert av dei andre studentane. Sjølve emnet (*Les expressions figées*) viste seg å ha sterkt appell til studentane. Det er eit emne som gjerne kan bli gitt på nytt seinare.

## **Vurderingsformer:**

FRAN303: Eksamen vert arrangert på slutten av emneseminaret. Eksamen innehold ei tre vekers skriftleg semesteroppgåve på ca 4000 ord, med obligatorisk rettleiing.

FRAN304: Eksamen vert arrangert på slutten av emneseminaret. Den har form av eit 20 minutters foredrag med ei vekes førebuing. I samband med førebuinga til foredraget er det obligatorisk rettleiing.